



Fløysand VA as  
Fløksand 76  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3003 - 16/19896

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
18.10.2016

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg GBNR 23/501

**Administrativt vedtak. Saknr: 342/2016**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 29.06.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 07.10.2016, søkt om tilkopling til kommunalt VA-anlegg for nytt vellagshus, på eigedomen gbnr 23/501 på Frekhaug. Eigedomen skal koplust til det kommunale VA- anlegget slik revidert situasjonskart syner.

Det er tidlegare lagt stikk inn til tomte for tilkopling til kommunal vassleidning. Avlaupet skal koplust til avlaupsnett i eksisterande kum i den kommunale vegen.

### Vurdering:

Dersom det vert naudsynt å utføra gravearbeid i den kommunale vegen må det søkjast kommunen om gravløyve. Administrasjonen har elles ingen merknad til at vellagshuset vert tilknytt det kommunale VA-anlegget.

### Plassering:

Tiltaket skal plasserast som vist på revidert situasjonskart, journalført 07.10.2016.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført 29.06.2016. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i hedhald av lov, jf pbl § 23-1.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at nytt vellagshus på eigedomen gbnr 23/501 vert tilknytt kommunalt VA-anlegg i samsvar med søknad, joutnalført 29.06.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 07.10.2016 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- og kr 15 000,- for kloakk. I tillegg kjem mva.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

23-501

**Kopi til:**

Frekhaugmarka vel v/leiar Mabel  
Johansen

**Mottakere:**

Fløysand VA as

Fløksand 76

5918

FREKHAUG